

ÅRSMELDING 2017



Julemessa i Radøyhallen 3. desember

Heidi og Liv Berith hadde ansvaret. Dei hadde laga til ein fin presentasjon av sogelaget sitt arbeid. Gamle bilete og ymse gamalt verktøy vart stilt ut. Det var sal av m.a. bygdebøker og medlemsblad. Sogebladet for 2017 vart selt for første gong.

Årsmøtet 2017 vart halde den 21. februar i Prestegarden, Manger.

Styret har i 2017 vore slik:

Leiar:	Einar Borgund
Nestleiar:	Heidi Johansen Mongstad
Skrivar:	Harald Jordal
Kasserar:	Liv Berit Rath
Styremedlem:	Vegar Toska
Varamedlemer:	Berit Kvalvik, Geir Smith og Magnar Ottesen

Skriftstyret: Bente Kopperdal Hervik, Arthur Kleiveland og Mai-Liss Sylta Møn

Styremøter:

I året er det halde 9 styremøte, og handsama om lag 65 saker. Mykje styrearbeid har skjedd ved hjelp av e-post.


AKTIVITETAR I ÅRET SOM GJEKK

Sogelaget har og dette året hatt fleire vellukka samlingar. Nokre i samarbeid med andre lag og organisasjonar og kulturetaten i Radøy kommune. Me takkar for godt samarbeid!

Skuleborn på Bogatunet

I slutten av august var elevar frå 5. klasse ved Hordabø skule vertskap på Bogatunet. Dei fekk prøva livet til fiskarbonden på besteforeldre og oldeforeldre si tid. Som tidlegare år var det besök av andre skuleklassar og barnehagar. I alt var om lag 120 elevar og foreldre innom Bogatunet desse 3 dagane. Som vanleg var det stor begeistring og engasjement. Det var til dels därleg ver, så elevane måtte samlast inne. Då vart det trøngt, og ikkje heilt triveleg.

Frå sogelaget deltok Berit Kvalvik, Oddbjørg Dragøy, Karin Halland, Liv Berit Rath, Harald Jordal, Roald Dåvøy, Odd Matre, Geir Smith, Arne Villanger og Einar Borgund.



Grilltreff på Solendfjellet

I juni var det samling på tusenårsstaden på Solendfjellet.

Me starta med song av Stefany Lunde og Hilde Fjellsende. Hilde las dikt frå eiga diktsamling "Medan du ventar". Dei to ungdomane imponerte dei vel 20 frammøtte. Sogelaget vil gjerne høyra meir frå dei seinare.

Kristen Risnes fortalte om Manger prestegjeld ved folketeljinga i 1801.



Mimrekveld i Tingstova

I april inviterte sogelaget til mimrekveld i Tingstova. Tema for kvelden var oppvekst og utvikling på Manger på 1950- og 60-talet.

Odd Matre og Kåre Håland fortalte og Heidi Johansen Mongstad hadde sett saman ein flott biletkauskade med gamle Manger-bilete. Odd og Kåre knytte kommentarar og historier til biletene. Det vart mykje vellete etter denne samlinga. Øyvind Ask gjorde opptak som vart til DVD. Den har sogelaget til sals. Det kom fram ønskje om liknande arrangement i andre bygdelag.



Han la særleg vekt på den nære kontakten det var mellom Radøy og Øygarden for 200 år sidan. Torbjørn Drivenes stilte som grillsjef og serverte skikkeleg god grillmat fra sogelaget si nyinnkjøpte bålpanne.

Kystsogevekene 2017

Vart opna for Radøy i Risneskrinsen 13. august. Sogelaget var med og hadde ansvaret for steiking og sal av lappar og sal av potetkaker, som var levert av Aufera. Liv Berith hadde ansvaret for lapperøra og steiking. Trass mykje regn var det godt frammøte og ei triveleg stund.
Sogelaget hadde ikkje eige arrangement under Kystsogevekene dette året.

Bogatunet hadde denne sommaren ope kvar sundag mellom 25. juni og 6. august. Radøy kommune tok ansvaret for dette og leide inn to ungdomar frå "Ung jobb" som guida besökande i stovehus og løe. Sogelaget hadde ansvaret for det faglege innhaldet og stilte med personar som kan lage tradisjonsmat, ymse handarbeid ved bruk av ull, kipebinding, ljåslått og hesjing, stell og bruk av fiskereidskapar m.m.

Syltastova har heile sommaren hatt mesteparten av taket pakka inn i plast. Ein vidløftig takreparasjon er no i gang.

Krigsminner – Radøy under okkupasjonen

Med dette som tema, inviterte Radøy Bibliotek til møte i oktober. Memoar og Radøy sogeleg var med-arrangør.

Jostein Saakvitne frå Memoar jobba med "Norgesprosjektet" på 1990-talet, der ein del personar vart intervjua (filmopptak) om korleis dei opplevde krigen. Denne kvelden presenterte han utdrag frå intervjuet. Vegard Toska og Berit Kvalvik frå sogelaget bidrog med opplysningar og minne. Prosjektet vert no vidareført m.a. ved å få dei gamle opptaka digitalisert og lagt dei tilgjengeleg på nordhordland.memoar.no

Slektsgransking

Sogelaget arrangerte slektsgranskingskurs i november. I første omgang var det tillyst tre kurskveldar på to timer kvar, så vart det avtalt tre nye kveldar.

Førelesar på kurset var Knut Geelmuyden, avdelingssjef på Byarkivet i Bergen. Han viste dei 17 kursdeltakarane korleis ein kan koma i gang med slektsgransking, ved hjelp av internett, digitalarkivet og dataprogram. På kurset vart programmet Legacy for windowsbrukarar vist. For Mac er programmet Reunion å tilrå.

Den fjerde kvelden fekk deltakarane innføring i dataprogrammet TNG (The nextgeneration) av Jarle Hannisdal frå Slekt og Data.

Dei to siste kveldane var det Knut Geelmuyden som viste dei ulike måtane å søkja opplysningar om slekta. Det var interesse for eit oppfølgingskurs og det kan bli aktuelt med ein kurskveld med Geelmuyden før påske.

1859					Dub.	t.e.	1859	
nr.	År og Måned fra 1850	Dato	Barnetid slike døava	Den øy- døde døde 1850	Døde født døde 1850	Gaddeens Radøy	År og Måned fra 1850	
100.	13-7-	17-7-	Hilene	27	Janus Johansen døde 18 i form Johanna døde	Janus Johansen døde 18 i form Johanna døde		
101.	10-8-1859	18-8-1859	Mathias	28	John Lund døde 18 Mathias døde 18	John Lund døde 18 Mathias døde 18		
102.	13-8-1859	17-8-1859	Bartine	29	John Lund døde 18 Lund Johanna døde 18	John Lund døde 18 Lund Johanna døde 18		
103.	20-8-1859	20-8-1859	Øiv.	30	Janus Johansen døde Øiv. døde 18	Janus Johansen døde Øiv. døde 18		
104.	21-8-1859	21-8-1859	Morthe	31	Johns Johanna døde Morthe Johanna døde	Johns Johanna døde Morthe Johanna døde		
105.	19-8-1859	22-8-1859	Kari	32	Janus Johanna døde Kari døde 18	Janus Johanna døde Kari døde 18		
106.	24-8-1859	24-8-1859	Christi	33	John Johanna døde Christi døde 18	John Johanna døde Christi døde 18		
107.	24-8-1859	10-9-	Stens	34	John Os døde 18	John Os døde 18		

Stabburet

Sogelaget leiger stabburet i Prestegardstunet. Leigeavtala vart fornya for 5 år i 2017. I Stabburet har me samla ein del historiske bilete og skrifter, og her har me styremøter og ymse mindre samlingar.

Nettside og facebook

Radøy sogelag er på internett med heimeside og på facebook. Heimesida har hatt liten aktivitet siste året, men ein finn nyttig informasjon der.

På facebook har me prøvd å opplyse om hendingar og arrangement. Det er Bente Kopperdal Hervik og Heidi J. Mongstad som oppdaterer. Adresse til nettside: www.radoysogelag.blogspot.com og Facebook.com/radoysogelag

Sogebladet 2017

Sogebladet 2017 vart sendt ut på vanleg måte, gratis for medlemene. Andre må betale kr. 150,-.

Tidlegare kalla me dette eit medlemsblad. Me har endra namnet til sageblad, som er meir dekkande.

Dei som ønskjer å kjøpa bladet kan ta kontakt med leiar eller kasserar.

Medlemstallet

Ved årskiftet var medlemstallet om lag 200 inklusiv familiemedlemmer.

E-postadresser

Me prøver å få registrert medlemmene sin sine e-postadresser. Om du ikkje alt har gjort det, så send den til kasserar eller leiar i laget.

Representasjon

Til årsmøtet i Hordaland sogelag møtte Magnar Ottesen og Inger Ottesen som utsendingar for Radøy sogelag.

Så vil styret takke medlemmene og andre for god hjelp og oppslutnad om sogelagsarbeidet.

Februar 2018

Einar Borgund Heidi Johansen Mongstad Liv Berit Rath Harald Jordal Vegar Toska

Berit Kvalvik

Geir Smith

Magnar Ottesen

Radøy Sogelag: Rekneskap 2017

Resultatrekneskap:

Inntekter		Inntekter
Medlemskontingent	kr	30 800,00
Sal av bøker og hefter + porto	kr	8 849,00
Annonser medl. hefte 2016	kr	9 250,00
Diverse tilskot fra Radøy Kommune	kr	15 440,00
Tilskot fra Hordaland Fylkeskommune	kr	8 000,00
Andre inntekter, momsrefusjon, grasrotandel etc.	kr	8 363,10
<u>Renteinntekter</u>	kr	<u>5 753,52</u>
Sum inntekter	kr	86 455,62

Kostnader		Kostnader
Innrykk aviser årsmøtet i Radøy sogelag og slektgr. kurs	kr	2 971,38
Stabburet husleige	kr	7 980,00
Trykking av medl. hefte-2017 og arbeid med hefte -16	kr	15 750,00
Bogatunet - arbeidsutgifter slått og bensin etc.	kr	3 126,00
Andre utgifter, blome helsingør, gave til foredragsholder(e) og andre, møter, utsendinger Hordaland sogelag, mat, innkjøp, porto etc.	kr	32 533,00
Kontingent Hordaland Sogelag	kr	800,00
Landslaget for lokalhistorie, kontingent	kr	2 304,00
<u>Bank - gebyr</u>	<u>kr</u>	<u>93,00</u>
Sum utgifter	kr	65 557,38

Overskot / underskot drift:

Inntekter	kr 86 455,62
Utgifter	kr 65 557,38
Overskot	kr 20 898,24

Balanse:

Bank pr. 01.01.17	kr 417 385,30
Bank pr. 31.12.17	kr 438 283,54
Kontroll sum overskot	kr 20 898,24


2017 / 20.02.18 Styret:

Einar Borgund
Leiar (su)

Liv Berit Rath
Kasserer (su)

Harald Jordal
Sekretær (su)

Ettersynsfolk: 18/2 - 18

Olav K. Morken


Nils Ingvard Soltveit

Arbeidsplan 2018 –Forslag som vert lagt fram for årsmøtet 20. februar 2018

- Kurs i slektsgransking
førebels ein kurskveld som vidareføring av kurset 2017
- Bogatunet

Ope tun om lag 5 søndagar i sommarferien v/kulturetaten i Radøy kommune
Radøy sogelag stiller med minst ein person som har kunnskap om dagens tema.
Skilting til Bogatunet.

Skulebarn på Bogatunet etter same opplegg som tidlegare år.
Sogelaget har informasjon i klassane på førehand.

- Kulturdagane for Radøy 20.04 – 29.04
Radøy sogelag sluttar seg til opplegget til kulturetaten i Radøy om opning av nyrydda steinalderstiar på Straume og stiller med folk.
- Syltastova

Dugnad for rydding og reingjering etter takskifte.

Må engasjere nabolaget i dette arbeidet.

Arrangere ei samling av typen "Grilltreff" med Syltastova som tema. Kanskje "før og no biletserie" frå Risneskrinsen.

- "Gamle Dampen" - samarbeid med sogelaga i nabokommunane
Ansvarleg for Radøy kommune er Ottar Olsvoll.
Ottar har alt eit "manus" for opplegget.